



Årsmelding og rekneskap

2010

Styret si årsmelding

Verksemda

Skjåk Energi KF er lokalisert i Skjåk kommune og er eit kommunalt energiverk som er eigd av Skjåk kommune. Skjåk Energi, tidligare Skjåk kraftverk, vart etablert i 1919. Energiverket står for distribusjon og omsetning av elektrisk energi i heile kommunen, samt dei delar av tunnelanlegga på RV15 Heilårsvegen som ligg i Stryn. Skjåk kommune har stedesverande retter i Øvre Otta DA og kraftverket Skjåk 1 som Skjåk Energi disponerar for kommunen. I tillegg har everket engasjert seg i utbygging av breiband i Skjåk.

Samansetjing av everkstyret 31.12.2010:

Styret består av fem medlemmer, blant desse ein representant for dei tilsette.

- Arne Fougner Trønnes (leiar)
- Per Morten Lindsheim (nestleiar)
- Astrid Gjertsen
- Astrid Bjørnstad
- Stig Erlend Banken (valt av dei tilsette)

Det har vore 6 styremøte i 2010 og 19 saker har vorte behandla.

Fortsatt drift

Årsoppgjeret er avlagt under føresetnad om vidare drift av selskapet. Styret stadfester at føresetnad framleis er til stades.

Likestilling

Ved utgangen av året hadde bedrifta 18 tilsette, 4 kvinner og 14 menn. Arbeidstid og løn er rettvist fordelt mellom kjønna. Personalpolitikken vert rekna for å være kjønnsnøytral på alle områder. Styret har 5 medlemmer, 3 menn og 2 kvinner. Bransjen er generelt prega av ein låg kvinneandel. Det er ikkje gjennomført spesielle likestillingstiltak gjennom året.

Arbeidsmiljø og personale

Skjåk Energi hadde 18 fast tilsette per 31.12.2010, som utgjer 17,5 årsverk. Det er tilsett ein driftsingeniør og ein tilsynsingeniør i løpet av året. Styret vurderer arbeidsmiljøet i bedrifta som bra. Skjåk Energi følgjer dei forskrifter for internkontroll som er pålagt. Det er lagt opp interne retningslinjer og ansvarsfordeling for å få regelmessig oppdatering, oppfølging og framdrift. Bedrifta er medlem i Gudbrandsdal Bedriftshelseteneste.

Tilsette i bedrifta har ikkje vore utsette for ulykker eller skadar i samband med utføring av sitt arbeid i 2010. Samla sjukefråver var 4,6 % mot 4,9 % i 2009. Første del av året var prega av noko langtidsfråver, men for resten av året har hatt det vore eit tilfredsstillande lågt sjukefråver.



Frå venstre everksjef Aage Brenna, Kåre Moen som vart hedra med Noregs Vel medaljen for 30 år i Skjåk Energi, Stig Erlend Banken med gullklokke for 25 år i Skjåk Energi og styreleiar Arne F. Trønnes.

Ytre miljø

Bedrifta driv ikkje verksemd som forureinar det ytre miljøet. Farlege stoff og spesialavfall vert teke vare på og innlevert. Kjeldesortering av alle type restprodukt ved everket er innført, og all avfallbrenning er forbode. Restprodukt og olje blir oppfanga og forureinar ikkje miljøet.

Om drifta

Kraftomsetnad

Totalt disponerte Skjåk Energi ei kraftmengde på 105,3 GWh i 2010, for 2009 var denne mengda 121,8 GWh. Nedgangen i mengde utgjer 13,5% og skuldast at vinteren 2009-2010 var svært nedbørfattig og påverka kraftproduksjonen for 2010. Skjåk kommune har ein stedesverande rett på 7 % i Øvre Otta DA og 16,5% av kraftverket Skjåk 1. Skjåk Energi disponerar desse rettane på vegne av Skjåk kommune. Andelane er innarbeida brutto i rekneskapen for Skjåk Energi. Skjåk Energi betaler overskottsskatt, naturressursskatt, eigedomsskatt og grunnrenteskatt. Avtale om forvaltning av kraftrettar mellom Skjåk kommune og Skjåk Energi vart reforhandla i 2009 og vart gjeldande frå og med 2010.

Overføringsverksemd

Total inntektsramme for 2010 var 18,263 millionar, Skjåk Energi hadde netttinntekter på kr. 19,362 millionar inkludert utjamningstilskot frå NVE på kr 2,3 millionar. Bokført mindreinntekt pr. 31.12.2010 er på 22,156 millionar kroner. Det vart målt 52,1 GWh inn på nettet i 2010. Totalt distribuert mengde hos sluttbrukar var 49,8 GWh i 2010. Det har ikkje vore registrert eit større forbruk i Skjåk, sjølv under Øvre-Otta utbygginga var det ikkje eit så stort forbruk. Totalt har det vore 37 utkoplingar og driftsforstyringar i 2010. Det har ikkje vore større investeringar i nettet i 2010. Det er satt opp ein ny nettstasjon i det nye hyttefeltet ved Grotli Høgfjellshotel og all kabling av både høgspenst og lågspenst er fullført i felt øst. I Breidalen er kabling av lågspennettet fullført. Ved Liavatnet er det eit nytt hyttefelt der everket har flytta ein transformatoriosk og lagt nye lågspenkablar. I Heggjeåe hyttefelt er all låg-

spenstarbeid fullført. Transformator Grasmoen er flytta og ombygd til transformatoriosk klargjort for fjernstyring. Ombygging av nettstasjonar for betening frå bakken er i rute. Elles har året vore prega av kontrollar, skogrydding og vanleg vedlikehaldsarbeid.

På sin årlege kontroll frå DSB (Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap) vart det avdekka eit avvik som er retta.

Prosjektet med utskifting til automatisk avleste målarar er ferdig og teke i bruk. Resultatet ser lovande ut og vil forenkle forarbeidet med avrekingane.

Ved hjelp av dette systemet har Skjåk Energi og fått montert målesystem som registrerer jordfeil ute i trafoanlegga. dette er i samsvar med regelverket.

Krav til DLE (Det lokale Eltilsyn) er fastsett med heimel i lov om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr, § 9, og DSB (Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap) si plikt til å føre kontroll med DLE sin verksemd. Det vises også til at kostnader til DLE er inkludert i inntektsrammene for nettselskapet, fastsett av NVE, og følgjeleg er ei teneste som kundane til nettselskapa betaler for. Tilsynsplanen fastset minstekravet til DLE si verksemd. Alle funn som blir registrert under kontrollane ute hos kundane, blir rapportert til DSB sentralt. Tilsynsplanen set føringar og prioriteringar for dei satsningsområda som er viktige. Ny tilsynsingeniør vart tilsett 1. september 2010. Den 15.4.2010 var DSB på besøk og utførte kontroll av DLE, det vart ikkje avdekka nokon avvik.

DLE har vore med på ”brannvernveke” saman med brannvesenet, samt ”aksjon bustadbrann”.

Breiband

Eidsiva Breidband AS har gjort ettersal i Bismo og det førte til 26 nye kundar. Det er ferdig utarbeida plan for FTH (fiber til heimen) i Aurmo byggefelt, men Eidsiva Breidband As har ennå ikkje nokon investeringsplan for dette.

Framtidig utvikling

Framtidig inntening og finansiell stilling vert vurdert som god både på kort og lengre sikt.

Finansiell risiko

Styret har godkjent ein strategi for prissikring. Så lenge desse instruksane vert følgde, vurderer styret at den finansielle risikoen er avgrensa og innanfor everket sin økonomiske tåleevne.

Marknadsrisiko

Sjå note 2

Kreditrisiko

Tidlegare historikk viser at denne risikoen er låg, då det har vore lite tap på fordringar.

Renterisiko

Skjåk Energi er utsett for renterisiko både når det gjeld lån hos eigarkommunen og for kapitalplasingane. Inntektsrammeregulering vert også påverka av renteendringar.

Likviditetsrisiko

Bedrifta vurderer likviditeten som brukbar på sikt.

Resultatdisponering

Den framlagte resultatrekneskapen og balansen med tilhøyrande noter gjev etter styret si oppfatning eit rettvist bilete av bedrifta sine egedelar og gjeld samt finansielle stilling og resultat. Rekneskapen viser eit overskot etter skatt på kr. 1 054 335 for Skjåk Energi KF.

Styret sitt forslag til disponering av overskottet for 2010 på kr. 1 054 335 :

Eigaruttak kr. 1 800 000
Overført frå annan eigenkapital kr. 745 665

Skjåk, 12. april 2011



Arne F. Trønnes
styreleiar



Per Morten Lindsheim
nestleiar



Astrid Bjørnstad
styremedlem



Astrid Gjertsen
styremedlem



Stig E. Banken
styremedlem



Aage Brenna
everksjef

Økonomiske nøkkeltall for Skjåk Energi

Tal i heile tusen kroner	2010	2009	2008	2007	2006
Omsetnad	57 724	64 983	62 597	55 940	52 812
Driftsresultat	18 429	22 716	22 280	19 974	6 636
Resultat før skatt	10 004	17 832	14 988	13 759	2 493
Resultat etter skatt	1 054	9 767	5 163	9 344	1 346
Eigenkapital	72 119	69 759	67 497	65 796	65 874
Resultatgrad	17,75 %	28,83 %	25,03%	25,75 %	3,4 %
Kapitalens omløpshastighet	0,30	0,34	0,33	0,30	0,30
Totalrentabilitet	8,84 %	11,83 %	12,22 %	11,14 %	3,46 %
Eigenkapitalrentabilitet	24,03 %	33,07 %	35,06 %	30,65 %	9,02 %
Likviditetsgrad 1	2,43	2,47	1,88	2,01	2,69
Likviditetsgrad 2	2,37	2,40	1,82	1,95	2,50
Eigenkapitalandel	36,95 %	36,61 %	35,02 %	35,60 %	37,24 %
Gjeldsgrad	1,71	1,73	1,86	1,81	1,69

Definisjoner:

Resultatgrad = resultat før skatt + finanskostnader/omsetning

Kapitalens omløpshastighet = omsetnad/gjennomsnittleg totalkapital

Totalrentabilitet = driftsresultat + finansinntekter/gjennomsnittleg totalkapital

Eigenkapitalrentabilitet = resultat før skatt/gjennomsnittleg egenkapital

Likviditetsgrad 1 = mest likvide omløpsmidlar/ kortsiktig gjeld

Likviditetsgrad 2 = omløpsmidlar/kortsiktig gjeld

Eigenkapitalandel = egenkapital i prosent av totalkapital

Gjeldsgrad = (Kortsiktig gjeld + langsiktig gjeld)/sum egenkapital

Hovudtall for Skjåk Energi

	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Tal på tilsette per 31.12						
Heiltidstilsette	17	15	17	17	17	29
Deltidstilsette	1	1	1	1	1	3
Årsverk	17,5	15,5	17,5	17,5	17,5	29
Data for overføringsnettet						
22kV ledning km	140	141	139	139	138	139
22kV kabel km	40	38	37	35	34	32
Lågspent, leidning km	155	153	156	157	157	140
Lågspent, kabel km	117	110	104	101	97	89
Fordelingstransformatorer, tal stk.	196	194	190	187	185	184
Fordelingstransformatorer, yting kVA	31 510	31 145	31 725	29 145	28 680	26 950

Resultatrekneskap Skjåk Energi

	Note	2010	2009
Driftsinntekter og driftskostnader			
Energisal		36 981 919	47 562 331
Overføringsinntekter	13	19 362 432	14 258 188
Leieinntekter		559 171	485 809
Anna driftsinntekt	12	820 394	2 676 525
Sum driftsinntekter	9	57 723 916	64 982 853
Energikostnader		11 339 538	11 054 655
Overføringskostnader		2 984 800	1 366 809
Lønnskostnader m.m.	3, 4	8 703 553	10 574 832
Ordinære avskrivningar	12, 16	5 470 623	5 812 947
Andre driftskostnader	12	10 428 045	12 457 668
Tap ved avgang driftsmiddel		368 372	0
Sum driftskostnader		39 294 932	41 266 911
Driftsresultat		18 428 984	23 715 942
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		585 601	671 713
Annen finansinntekt		52 354	165 301
Renter ansvarlig lån	8	6 978 796	4 740 453
Annen rentekostnad		0	120 547
Annen finanskostnad		2 084 463	1 859 625
Resultat av finansposter		-8 425 304	-5 883 612
Resultat før skattekostnad		10 003 680	17 832 330
Skattekostnad på ordinært resultat	14	8 949 345	8 065 251
Årets resultat		1 054 335	9 767 079
Opplysningar om:			
Eigaruttak		1 800 000	7 441 265
Avsett til annan eigenkapital		0	2 325 814
Overført frå annan eigenkapital		745 665	0
Sum overføringar		1 054 335	9 767 07

BALANSE Skjåk Energi

	Note	2010	2009
EIENDELER			
Anleggsmider			
Utsatt skattefordel	1, 14	2 433 889	3 229 820
Sum immaterielle eiendeler		2 433 889	3 229 820
VARIGE DRIFTSMIDLER			
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom	16	8 939 843	8 940 527
Anlegg under oppføring deleide verk	12	288 497	253 028
Anleggsmidler deleide verk	12, 16	88 711 375	91 059 247
Distribusjonsanlegg	16	30 390 433	32 053 104
Transportmidler	16	1 055 994	1 095 266
Driftsløsøre, inventar og liknande	16	1 435 759	1 278 389
Televerksemd	16	143 534	3 546 292
Sum varige driftsmidler		130 965 435	138 225 853
FINANSIELLE DRIFTSMIDLER			
Investeringer i aksjer og andeler	7	3 050 475	4 980 855
Obligasjoner og andre fordringer	11	7 390 301	3 783 590
Sum finansielle anleggsmidler		10 440 776	8 764 445
Sum anleggsmidler		143 840 100	150 220 118
OMLØPSMIDLER			
Reservemateriell	6	1 115 400	1 207 607
Sum lager		1 115 400	1 207 607
FORDRINGER			
Kundefordringer		12 629 672	11 040 899
Omløpsmidler deleide verk	12	1 085 451	1 013 843
Andre fordringer		7 101 754	1 449 994
Opptent mindreinntekt	11,13	22 156 000	22 206 000
Sum fordringer		42 972 876	35 710 736
Bankinnskudd, kontanter o.l.	5	5 848 687	3 398 025
Sum omløpsmidler		49 936 963	40 316 368
Sum eiendeler		193 777 063	190 536 486

BALANSE Skjåk Energi

	Note	2010	2009
EGENKAPITAL OG GJELD			
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	1, 15	71 609 459	69 759 568
Sum opptjent egenkapital		71 609 459	69 759 568
Sum egenkapital		71 609 459	69 759 568
GJELD			
Avsetning for forpliktelser			
Pensjonsforpliktelser	4	3 216 062	5 905 985
Sum avsetning for forpliktelser		3 216 062	5 905 985
Annen langsiktig gjeld			
Ansvarlig lån Skjåk kommune	8	98 390 705	98 556 605
Sum annen langsiktig gjeld		98 390 705	98 556 605
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		3 305 661	2 499 900
Betalbar skatt	14	8 153 427	8 428 464
Skyldig offentlige avgifter og andre trekk		4 706 671	3 853 893
Annen kortsiktig gjeld	8	4 395 077	1 532 070
Sum kortsiktig gjeld		20 560 836	16 314 327
Sum gjeld		122 167 603	120 776 917
Sum egenkapital og gjeld		193 777 063	190 536 485

Bismo, 12. april 2011



Arne F. Trønnes
styreleiar



Per Morten Lindsheim
nestleiar



Astrid Bjørnstad
styremedlem



Astrid Gjertsen
styremedlem



Stig E. Banken
styremedlem



Aage Brenna
everksjef

DIREKTE KONTANTSTRAUM Skjåk Energi

	Note	2010	2009
NRS - Direktemetode			
KONTANTSTRAUM FRA OPERASJONELLE AKTIVITETAR			
1)Avstemming			
Resultat før skattekostnad		10 003 680	17 832 330
-Periodens betalte skatt		-8 949 345	-8 065 251
+/-Tap/gevinst ved salg av anleggsmidler		2 368 372	-
+Ordinære avskrivninger		5 470 623	5 812 947
+Nedskrivning anleggsmidler		-	-
+/-Endring i varelager		92 207	8 800
+/-Endring i kundefordringer		-1 588 773	-1 328 050
+/-Endring i leverandørgjeld		805 761	-3 890 604
+/-Forskj. kostnadsført pensjon og inn-/utbet. i pensjonsordn.		-	-
+/-Effekt av valutakursendringer		36 403	-
+/-Poster klassifisert som investerings- eller finansieringsaktiviteter		3 732 737	-
+/-Endring i andre tidsavgrensingsposter		-5 802 942	-1 855 802
=Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		6 168 723	8 514 370
KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR			
-Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmiddel		1 752 161	2 361 649
-Utbetalinger ved kjøp av aksjar og delar i andre føretak		-	207 181
= Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar		-1 752 161	-2 568 830
KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR			
- Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld		165 900	213 400
- Utbetalinger av utbytte		1 800 000	7 441 265
= Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar		-1 965 900	-7 654 665
= Netto endring i kontanter og kontantekvivalenter		2 450 662	-1 709 125
+ Beh. av kont. og kontantekvivalenter ved perioda sin start		3 398 025	5 107 150
+ Beh. av kont. og kontantekvivalenter ved perioda sin slutt		5 848 687	3 398 025

NOTER til rekneskap og balanse

Note 1 Generelle rekneskapsprinsipp

Årsoppgjeret til Skjåk Energi er utarbeidd i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk i Noreg.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av egedelar og gjeld

Egedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre egedelar er klassifisert som omløpsmiddel. Fordringar som vert betalt tilbake innan eit år er klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn.

Anleggsmiddel er aktivert til kostpris, men blir skrive ned til verkeleg verdi når fall i verdi ikkje er forventa å vere forbigåande. Langsiktig gjeld er ført i balansen til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunkt. Langsiktig gjeld er ikkje skrive opp til verkeleg verdi som følge av renteendring.

Omløpsmiddel er vurdert til det lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er ført opp i balansen til nominelt motteke beløp på etableringstidspunkt. Kortsiktig gjeld er skrive opp til verkeleg verdi som følge av renteendring.

Enkelte poster er vurdert etter andre regler og er gjort greie for nedanfor.

Kraftkontraktar - nærstående partar

Frå eigaren, Skjåk kommune, disponerer everket ei kraftmengde på totalt 105,3 GWh i 2010, i 2009 var denne mengda 121,8 GWh. Totale overføringar frå Skjåk Energi til eigar i 2010 er på 13,2 millionar kroner.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel er avskrive over forventa økonomisk levetid. Avskrivningane er som hovudregel fordelt lineært over resterande økonomisk levetid.

Andre anleggsaksjar og delar

Anleggsaksjar og mindre investeringar i ansvarlege selskap og kommandittselskap der Skjåk Energi ikkje har betydeleg innverknad skal førast i balansen til kostpris. Investeringane blir skrive ned til verkeleg verdi viss verdifallet ikkje er forbigåande. Motteke utbytte og andre overskotsutdelingar frå selskapa vert ført som annen finansinntekt.

Varer

Varer er vurdert til det lågaste av gjennomsnittleg kostpris og netto salsverdi. For råvarer og varer i arbeid er det rekna netto salsverdi til salsverdien av ferdig tilvirka varer redusert for attstående tilverknadskostnader og salskostnader.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er ført opp til pålydande etter frådrag for avsetnad til forventa tap. Avsetnad til tap er gjort på grunnlag av ein individuell vurdering av dei enkelte fordringane. I tillegg er det for andre kundefordringar gjort ein uspesifisert avsetnad for å dekke antatt tap.

Egedelar og gjeld i valuta

Dagskursprinsippet vert brukt ved vurdering av pengepostar i utanlandsk valuta. Dette gjer at kortsiktige poster i valuta er vurdert til valutakursen på balansedagen. Meir/mindreinntekt som skuldast skilnader mellom bokført valutakurs på balansedagen vert resultatført.

Pensjonar

Skjåk Energi sitt pensjonsansvar er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Pensjonsforpliktinga er ført som gjeldspost i balansen og endring gjennom året er resultatført. Arbeidsgjevaravgift er inkludert.

Vassmagasinbeholdning

Informasjon om magasinbeholdning i deleigde verk er teke med i note 10.

Gjeld følgjande verk; Øvre Otta DA og Opplandskraft DA

Segmentinformasjon

Selskapet si verksemd omfattar omsetnad av kraft, deleigde verk; Øyberget kraftverk, Framruste kraftverk og Skjåk 1 kraftverk, drift av distribusjonsnett, televerksemd og anna verksemd som hovudsakleg er utleige av lokale, jf. note 9.

Overføringsverksemd

For kvart år fastset NVE inntektsrammer for kvart nettselskap for kor mykje kvart einskild selskap kan inntektsføre som nettleige. Dersom dei faktiske nettleigeinntekter etter fakturering blir lågare, blir differansen bokført som mindreinntekt, dvs. at nettselskapet har tilgode nettleige hos kunden. Blir faktiske nettleigeinntekter høgare, blir differansen bokført som meirinntekt og kunden har tilgode hos nettselskapet, jf. note 13.

Skatt

Selskapet står overfor fire typar skatt; naturressurskatt, grunnrenteskatt, vanleg inntektsskatt og eige-domsskatt.

Inntektsskatt

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både perioden sin betalbare skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt er berekna med 28 % på grunnlag av dei midlertidige forskjellar som er mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt likningsmessige underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteaukande og skattereduserande midlertidige forskjellar som reverserast eller kan reverserast i same periode er utlikna og nettoført.

Naturressursskatt

Naturressursskatt er ein skatt som er uavhengig av overskotet og vert utrekna på grunnlag av det enkelte kraftverk sin gjennomsnittlege produksjon dei siste sju åra. Skattesatsen er sett til 1,3 øre/kWh for 2010.

Naturressursskatten kan utliknast mot overskotsskatten. Eventuell ikkje utlikna naturressursskatt kan framførast med renter til seinare år og inngår som ein del av grunnlaget for berekning av utsett skattefordel.

Grunnrenteskatt

I tillegg er det for kraftproduksjon innført ein særskilt grunnrenteskatt. Grunnrenteskatten utgjør 30 %. Med utgangspunkt i det enkelte kraftverk blir salsinntekt rekna ut frå året sin timesoppløyte spotmarknadspris multiplisert med produksjon i dei tilhøyrande periodar, med unntak av konsesjonskraft og langsiktige kontraktar som vert prisa til faktiske priser. Det blir ikkje gjort frådrag for gjeldsrenter. I staden blir det gjeve frådrag for ein friinntekt som blir rekna ut frå gjennomsnittlege skattemessige verdiar på driftsmiddel multiplisert med ein normrente. Normrenta blir fastsett årleg. Grunnrenta skal reknast ut særskilt for kvart kraftverk. Grunnrenteinntekta vil vere sterkt stigande over kraftverket si levetid, fordi skattemessige avskrivningar og friinntekter blir redusert og etter kvart fell bort.

Eigedomsskatt

Med verknad frå inntektsåret 2001 vart reglane for taksering av kraftanlegg endra. Eigedomsskatten utgjør 0,7% av ein berekna eigedomsskattetakst. Eigedomsskattegrunnlaget utgjør det høgaste av ein noverdi basert blant anna på kraftanlegget sin normerte inntekter og ein alternativ verdi basert på kraftanlegget sin gjennomsnittlege produksjonsevne multiplisert med ein sats frå 0,95 til 2,35 kr/kWh for 2009 og 2010. Skjåk Energi betaler berre eigedomsskatt for kraftanlegg som ikkje ligg i Skjåk kommune.

Note 2 Finansiell marknadsrisiko

Skjåk Energi bruker ulike finansielle instrument i styringa av finansiell risiko.

Renterisiko

Det er to forhold som gjev renterisiko for bedrifta; 1) bedrifta har lån med flytande rente, og 2) kapitaldelen for bedrifta si inntektsramme for nett er eksponert for rentenivået. Desse to forholda har motsett eksponering for renteendring. Rentestigning vil auke lånekostnaden, men vil samstundes gje auka nettinntekter.

Valutarisiko

Skjåk Energi har ikkje lån plassert i utanlandsk valuta. Noko av dei likvide midlar er plassert i euro pr. 31.12. Omsetnad av kraft over børsen Nord Pool blir avrekna i euro. Bedrifta er såleis avhengig av forholdet mellom kursen i euro og norske kroner.

Risiko ved krafthandel

Bedrifta sitt inntektsnivå er avhengig av prisnivå i kraftmarknaden. Dei fleste kraftkontraktane er finansielle, men bedrifta har og fysiske kraftavtaler. Ved å ha mykje kraft uselt vert ein eksponert for risiko for prisendringar. Det er og ein risiko knytt til volum. Tilgangen på kraft er samansett av konsesjonskraft som har eit fast volum og delar av produksjon, som vil variere etter blant anna magasin-/snø- og nedbørssituasjon. I tillegg vert det levert kraft til sluttbrukarane i Skjåk, og dette forbruket varierar etter vêrforhold og leverandørskifte. Det føreligg ein skatterisiko tilknytt kraftomsetning ved å selje kraftproduksjonen på kontraktar.

Risiko ved krafthandel inneheld såleis ulike element som dreg i motsett retning.

Note 3 Lønskostnader, tal på tilsette, godtgjeringar, lån til tilsette m.m.

Lønskostnader	2010	2009
Løn	8 279 759	8 032 262
Arbeidsgjevaravgift	661 488	615 724
Pensjonskostnader	-623 565	1 403 633
Andre ytingar	385 871	523 213
Sum	8 703 553	10 574 832
Gjennomsnittleg tal på årsverk	17	16,5
Ytingar til leiande personar	Everksjef	Styre
Løn	760 822	70 700
Andre ytingar	6 000	
Pensjonskostnader	71 700	
Revisjonshonorar		
Lovpålagt revisjon	kr. 60 000	
Rådgjevingstenester	kr. 30 000	
Beløpa er eksklusive meirverdiavgift.		

Note 4 Pensjonskostnader og ansvar

Bedrifta sitt pensjonsansvar er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse og tilfredsstillar lovregler til pliktig tenestepensjonsordning. Ordninga gjev ei definert yting i forhold til tariffavtala i kommunal sektor. Sidan det vert gjort ein fordeling av den aktuarmessige risiko mellom alle føretaka, kommunane og fylkeskommunane som deltek i ordninga, tilfredsstillar ho kriteria for det som vert definert som ein "Multiemployer-plan". Pensjonsordninga omfattar 18 personar pr. 31.12.2010. Etter delinga av Skjåk Energi i to kommunale føretak, fekk everket ansvaret for pensjonsforpliktingar vedrørende tidlegare tilsette, også for dei som hadde arbeidd på installasjonsavdeling og elektrobutikk. Det er gjort avsetnad for netto pensjonsforpliktingar som del av påløpt tenestekjøpskostnad hos Øvre Otta DA og Oppplandskraft DA.

Tilskot til KLP	1 669 713	
Endring pensjonsforpliktingar	-2 293 278	
Netto pensjonskostnad	-623 565	
Pensjonsinnskota er dekkja ved innbetaling frå dei tilsette og Skjåk Energi.		
	31.12.2010	31.12.2009
Bereknar pensjonsforpliktingar	36 030 254	31 647 300
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi)	25 239 795	23 419 400
Ikkje resultatførte estimatendringar og avvik	-8 882 457	-6 528 175
Netto pensjonsforplikting	4 063 338	908 002
Arbeidsgjevaravgift	260 054	122 112
Balansført pensjonsforplikting	4 323 392	2 030 114
Økonomiske føresetnader:	2010	2009
Diskonteringsrente	4,60 %	5,40 %
Årleg lønnsvekst	4,00 %	4,50 %
Årleg vekst i folketrygda sitt grunnbeløp	3,75 %	4,25 %
Årleg avkastning	5,40 %	5,70 %

Med omsyn til dødelegheit og uførleik o.a. er det brukt føresetnader i Kommunal Landspensjonskasse sin forsikringstekniske berekningsgrunnlag.

Note 5 Bundne middel

Av bankinnskott/likvide middel på kr. 5 848 687 er kr. 700 000 bundne skattetreksmiddel. Skuldigg skattetrekk pr. 31.12.2010 kr. 464 562.

Note 6 Lager

Lager av reservemateriell vert vurdert til gjennomsnittleg kostpris

Note 7 Aksjar og delar i andre selskap

Anleggsmidlar	Eigardel	Kostpris	Balanseført verdi
Kunskaps-stugu AS	10 %	50 000	50 000
Eidsiva Bredbånd AS		2 710 917	2 220 776
Marlo Grendahus		1 000	1 000
Del aksjar deleigde verk		40 925	40 925
Grunnkapital Oppl.kontoret for Elfag		15 000	15 000
Eigenkapitalinnskott i KLP			722 774
Sum			3 050 475

Alle aksjepostane er ført etter kostpris. Aksjeposten i Skjåk Utleigebygg er tapsført med kr. 2 000 000 i 2010 etter at denne posten er overdratt til Skjåk kommune.

Note 8 Langsiktig gjeld

Gjeld som forfell meir enn fem år etter rekneskapåret sin slutt:

Ansvarleg lån Skjåk kommune	98 390 705
------------------------------------	-------------------

Pr. 31.12 skuldar Skjåk Energi kr. 2 750 000 i påløpte renter.

Note 9 Resultat fordelt etter verksemd

	Kraftsal	Deleigde verk	Overføring	Tele- verksemd	Anna verksemd	Total- resultat
Kraftsal	13 986 819	22 995 101	0	0	0	36 981 919
Overføringsinntekter	0	0	19 362 432	0	0	20 280 495
Andre driftsinntekter	0	650 342	119 395	0	609 827	1 379 564
Sum driftsinntekter	13 986 819	23 645 443	19 481 827	0	609 827	57 723 916
Energikjøp *)	6 539 538	0	0	0	0	6 539 538
Kraftrettar Skjåk kommune	4 800 000	0	0	0	0	4 800 000
Overføringskostnader	0	0	2 984 800	0	0	2 984 800
Lønningar	1 117 342	470 698	6 156 717	170 358	788 437	8 703 553
Avskrivningar	158 730	2 592 705	2 557 228	0	161 960	5 470 623
Andre drifts- og felles- kostnader	949 894	4 795 053	4 651 689	112 681	287 100	10 796 417
Sum driftskostnader	13 565 505	7 858 456	16 350 435	283 039	1 237 497	39 294 932
Driftsresultat	421 314	15 786 988	3 131 392	-283 039	-627 670	18 428 984

Note 10 Magasinbeholdninger for deleigde verk

Magasinbeholdningar/-endringar er ikkje arbeidd inn i rekneskapen.

Ved utgangen av rekneskapåret var:

1. Produksjon i året:

Øvre Otta 38,57 GWh **Skjåk 1 kraftverk** 13,53 GWh

2. Midlere årsproduksjon siste 10 år:

Øvre Otta 50,96 GWh (kun for 6 år) **Skjåk 1 kraftverk** 17,4 GWh

3. Behaldning

	2010	2009
Øvre Otta	8,26 GWh	9,94 GWh
Skjåk 1 kraftverk	8,16 GWh	7,24 GWh

Midlere beholdning siste 10 år:

Øvre Otta 11,62 GWh (kun for 6 år) **Skjåk 1 kraftverk** 9,21 GWh

Produksjonen i Øvre Otta var godt under normalen for dei tre første kvartal i 2010. Det var kraftig svikt i vintertilslaget og snøtakseringa som vart gjort i april 2010 viste eit snømagasin på berre 46% av normalt. Sommaren vart også tørr og magasinbeholdninga ved nyttår var på berre 42%. Dette var også gjennomsnittet i Noreg ved utgangen av 2010.

Note 11 Fordringar med forfall seinare enn eitt år

	2010	2009
Lån til Eidsiva Bredbånd AS (anleggsmiddel)	837 280	837 280
Fordring Eidsiva Bredbånd AS vdr. fiberutbygging i Skjåk(anleggsmiddel)	6 553 020	2 941 310
Mindreinntekt (omløpsmiddel)	23 074 063	22 206 000

Lån til Eidsiva Bredbånd AS på kr. 837 280 er avdragsfritt i fem år. Renta utgjer 6% p.a.

Note 12 Deleigde verk

Øvre Otta DA og Opplandskraft DA er brutto deltakarlikna. Det er arbeidet inn 7 % av Øvre Otta DA sine resultat- og balanseposter. Tilsvarende er det arbeidet inn delar av Opplandskraft DA sine resultat- og balanseposter, som utgjer 16,5 % av Skjåk 1 og 1,6 % av felles verksemd hos Opplandskraft DA.

Note 13 Monopolverksemd

Overføringsverksemd	2010	2009
Inntekter ved kraftoverføring	19 362 432	14 258 188
Andre driftsinntekter	119 394	0
Sum driftsinntekter	19 481 826	14 258 188
Kjøp av overføringstenester	2 277 473	77 364
Kjøp av tapsenergi i eige nett	707 327	1 289 445
Andre driftskostnader	13 365 634	15 270 487
Sum driftskostnader	16 350 435	16 637 296
Driftsresultat	3 131 392	-2 379 108
Grunnlag for kapitalavkastning (i 1000 kr)	38 057 000	40 270 000
Avkastning i prosent	8,22 %	0,00 %
Mindreinntekt 01.01	23 843 000	22 206 000
Mindreinntekt 31.12	22 156 000	22 206 000

Overføringsverksemda til energiverk er regulert gjennom fastsette regler for kostnadsberekning/-fordeling og inntektsramme. Regelverket blir administrert av NVE, som fastlegg ei inntektsramme for overføringsverksemda kvart år.

Meir- eller mindreinntekta vert rekna ut frå om overføringsverksemda har teke inn høgare nettleige enn ramma eller ikkje. Meirinntekt skal attendeførast til kundane gjennom endring av tariffane i påfølgande år. Mindreinntekt kan krevjast attende frå kundane gjennom endring av tariffane i påfølgande år. Det er bokført ei mindreinntekt på

kr. 22 156 000 pr. 31.12.2010. Auke i bokført mindreinntekt 1/1-2010 skuldast vedtak frå NVE om høgding av mindreinntekt for perioden 2005 til 2009 med kr. 1.637.000

Justert tillete inntektsramme for 2010		18 263 000
Kostnader overliggende nett	+	2 277 000
KILE	-	362 000
Sum avvik avskr. og avkastning på avvik avkastn.gr.lag	-	816 000
Total ramme	=	19 362 000
Overføringsinntekter 2010	-	18 730 000
Utjamningstilskot frå NVE	-	2 319 000
Tilbakeført mindreinntekt	+	1 687 000
Årets mindre/meirinntekt	=	0

Det vert jamleg vurdert om denne mindreinntekta skal takast inn hos kundane ved høgding av tariffane, anten heilt eller delvis.

Note 14 Skattenote

Året sin skattekostnad		
	2010	2009
Resultatført skatt på ordinært resultat:		
Betalbar skatt	8 153 414	8 428 451
Endring i utsett skatt / utsett skattefordel	795 731	-363 200
Skattekostnad ordinært resultat	8 949 345	8 065 251
Betalbar skatt i året sin skattekostnad:		
Ordinært resultat før skatt	10 003 680	17 832 330
Permanente forskjellar	1 996 013	-2 892 101
Grunnlag for året sin skattekostnad	11 999 693	14 940 229
Endring i midlertidige forskjellar	-2 836 649	1 297 292
Grunnlag for betalbar skatt i resultatregnskapet	9 163 044	16 237 521
Skattepliktig inntekt	9 163 044	16 237 521
Betalbar skatt på året sitt ordinære resultat	8 153 414	8 428 451
Sum betalbar skatt ordinært resultat	8 153 414	8 428 451
Betalbar skatt i balansen:		
Betalbar skatt på årets resultat	8 153 427	8 428 464
Sum betalbar skatt i balansen	8 153 427	8 428 464

Skatteeffekten av midlertidige forskjellar og underskot til framføring som har gitt opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av midlertidige forskjellar:

	2009	2010	Endring
Varige driftsmidler	-5 147 355	-5 269 966	122 611
Fordringer	-171 777	-206 434	34 657
Pensjonsforpliktingar	-5 905 985	-3 216 062	-3 199 923
Andre forskjellar	-303 994	0	-303 994
Sum	-11 529 111	-8 692 462	-3 346 649
Grunnlag for berekning av utsett skatt	-11 529 111	-8 692 462	-3 346 649
Utsett skattefordel (28 %)	-3 229 151	-2 433 889	795 931

Året sin betalbare naturressursskatt:		
Grunnlag 53 823 436 kWh à 1,3 øre/kWh		699 703
Året sin betalbare grunnrenteskatt:		
Inntekter		27 306 667
Driftskostnader produksjon		5 363 616
Skattemessige avskrivningar driftsmiddel		1 496 881
Friinntekt		1 820 253
Frådrag negativ grunnrente		0
Sum frådrag		8 680 750
Grunnlag grunnrenteskatt		18 625 917
Grunnrenteskatt 30 %		5 587 775
Spesifikasjon av året sin skattekostnad:		
Betalbar naturressursskatt		699 703
+ Betalbar inntektsskatt fråtrekt utlikna naturressursskatt		1 865 949
+ Betalbar grunnrenteskatt		5 587 775
+/- Endring utsett skattefordel		795 731
+/- For mykje/lite avsett tidlegare år		-13
Sum skattekostnad i resultatrekneskap		8 949 345

Note 15 Endring av egenkapital

Bokført egenkapital 31/12-2009		69 759 568
Vedtak frå NVE, auke i saldo for mindreinntekt	+ 1 637 000	
Endring deleigde verk	+ 958 556	
Overført frå egenkapital	- 745 665	
Bokført egenkapital pr. 31/12-2010		71 609 459

I endring deleigde verk ligg det inne ein korreksjon av pensjonsforpliktingar 1/1 -2010 for Skjåk sin del av OKDA.

Note 16 Anleggsmidler

	Bygninger og tomter	Driftsløsøre, inventar o.l.	Distribusjonsanlegg	Transportmiddel	Deleigde verk	Tele	Sum
Ansk.kost pr 1.1.2010	14 726 543	6 668 750	61 816 147	3 417 411	104 805 609	3 952 323	195 386 783
+Tilgang kjøpte anleggsmiddel	287 437	766 151	459 246	188 200	245 600	329 981	2 276 615
- Avgang i året			1 255 162			3 732 737	4 987 899
=Ansk.kost 31.12.2010	15 013 980	7 434 901	61 020 231	3 605 611	105 051 209	549 567	192 675 499
Akk. avskr. 31.12.2010	6 135 071	5 999 143	30 629 795	2 549 617	16 556 635	406 033	62 276 294
Bokført verdi 31.12.2010	8 878 909	1 435 758	30 390 436	1 055 994	88 494 574	143 534	130 399 205
Årets ord. avskrivningar	288 121	608 782	1 753 544	227 472	2 592 705	0	5 470 624
Økonomisk levetid	ca 50 år	ca 3-12 år	ca 25-30 år	ca 8-10 år	ca 0-75 år	ca 25 år	
Avskr.plan	lineært 2 %	lineært 8-33 %	lineært 3-4 %	lin. 10-12 %	lin. 0-10 %	lineært 4 %	



Kommunestyret i Skjåk,
2690 Skjåk.

REVISORS BERETNING FOR 2010.

Uttalelse om særregnskapet

Vi har revidert særregnskapet for Skjåk energi KF, som består av balanse per 31. desember 2010, resultatregnskap som viser et overskudd på kr 1.054.335 etter skattekostnad, oppstilling over endringer i egenkapital og kontantstrømoppstilling, for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide særregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler, tilleggsbestemmelser i energiloven, kommuneloven, forskrift om særbudsjett, særregnskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak og god regnskapskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et særregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette særregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at særregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i særregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at særregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for foretakets utarbeidelse av et særregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av foretakets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av særregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er særregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til Skjåk energi KF per 31. desember 2010, og av resultater, endringer i egenkapitalen og kontantstrømmer for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler, tilleggsbestemmelser i energiloven, kommuneloven, forskrift om særbudsjett, særregnskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak og god regnskapsskikk i Norge.

Uttalelser om øvrige forhold

Konklusjon om særbudsjett

Basert på vår revisjon av særregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at de disposisjoner som ligger til grunn for særregnskapet er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpene i særregnskapet stemmer med regulert særbudsjett.

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av særregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om særregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med særregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av særregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE)3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foretakets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.


Nord-Gudbrandsdal kommunerevisjon


Ingrid Brandsarbakken
Revisjonssjef


Magnar Kolden
Revisor


Terje Husøy
Revisor

Kopi til: Kontrollutvalget
Formannskapet
Rådmannen



Biletet på framsida er frå Hondsrøve.
Foto: Knut A. Holen



2690 Skjåk • Tlf 61213800
www.sken.no